



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

18/3743-2

16. oktober 2018

Høyringsfråsegn til NOU 2018:9 Regnskapsførerloven

Vi viser til høyringsbrev frå 19.06. 2018.

Innleiingsvis har vi kommentarar til mandatet. Revisor- og rekneskapsførarlovutvalet har tolka det slik at det har lege utanfor oppdraget å gjere ei fornya vurdering av behovet for autorisasjonsordninga. Utvalet gjer ei vurdering av korleis verksemder og krav til kvalifikasjonar kan regulerast. Kunnskapsdepartementet meiner at mandatet også burde lagt opp til å vurdere behovet for ei autorisasjonsordning. Slik det no er lagt opp, er framlegget ei vidareføring av gjeldande reglar, med godkjenning av både rekneskapselskap, jf. kapittel 2 i lovframlegget og krav til kvalifikasjonar for den einskilde, jf. kapittel 3.

Kunnskapsdepartementet viser vidare til vår høyringsfråsegn frå 01.12. 2017 til NOU 2017:15 Revisorloven. I denne fråsegna peika Kunnskapsdepartementet på at iverksetjinga av ei ny lov må samordnast med prinsippa for styring av utdanningsinstitusjonane, og at det bør vere dialog mellom Kunnskapsdepartementet og Finansdepartementet om dette. Det same gjeld for rekneskapsførarlova. Kunnskapsdepartementet ber om at Finansdepartementet rådfører seg med Kunnskapsdepartementet i det vidare arbeidet med å utforme desse to lovene.

Yrkeskvalifikasjonar frå andre land

Kunnskapsdepartementet har ingen kommentarar til gjennomgangen i kapittel 4.4 om autorisasjon av søkjarar med yrkeskvalifikasjonar frå andre land. I omtalen av gjeldande rett på side 36 siste avsnitt andre spalte står det at rekneskapsførarforskrifta § 1-4 andre ledd berre opnar for ei kvalifikasjonsprøve, og ikkje alternativt ein prøveperiode. Kunnskapsdepartementet vil peike på at dette ikkje er i samsvar med reglane i yrkeskvalifikasjonslova og yrkeskvalifikasjonsforskrifta. Det er difor svært viktig at framlegga

Postadresse
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo
postmottak@kd.dep.no

Kontoradresse
Kirkeg. 18
www.kd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
872 417 842

Avdeling
Avdeling for
fellestjenester og
strategiske
satsningsområder

Saksbehandlar
Sveinung Helgheim
22 24 76 64

utvalet har om regelendringar slik at Finanstilsynet kan fastsetje nærare reglar for prøveperiode og kvalifikasjonsprøve i samsvar med yrkeskvalifikasjonsforskrifta §§ 8-7 og 8-8, blir gjennomførte. Kunnskapsdepartementet meiner at dette bør gjerast så raskt som mogeleg.

Kommentarar til lovframlegget

Kunnskapsdepartementet har kommentarar til to av føresegnene i lovframlegget.

§ 2-3 om godkjenning som statsautorisert rekneskapsfører

I første ledd er det ei tilvising til yrkeskvalifikasjonslova § 8 og reglar om etablering. Framlegget til ny rekneskapsførerlov har ikkje reglar om mellombels tenesteyting etter yrkeskvalifikasjonslova kapittel 2. Vi viser til at det står ein omtale av mellombels tenesteyting på side 37 første spalte, og at reglane om dette står i rekneskapsførarforskrifta. Vi stiller spørsmål ved om det i framlegget til rekneskapsførerlov bør vere ein heimel for å kunne regulere dette i forskrift.

§ 3-1 fjerde ledd om dokumentasjon av utdanning

Kunnskapsdepartementet støttar ikkje framlegget i § 3-1 fjerde ledd om at ein autoriassjonssøknad skal dokumenterast med ei stadfesting frå utdanningsinstitusjonen om at søkjaren oppfyller utdanningskravet. Vi meiner at det ikkje skal vere naudsynt at utdanningsinstitusjonane rapporterer om kva kurs og innhald kvar einskild kandidat har teke. Kunnskapsdepartementet meiner at Finanstilsynet må vurdere det vitnemålet kandidaten har og dei opplysningane som står der. Dersom det ønskjer fleire opplysningar, bør det vere tilsynet som tek kontakt med utdanningsinstitusjonen. Prinsippet må vere at den faginstansen som handhevar kvalifikasjonskrav for å utøve eit yrke, sjølv må vurdere om kravet er oppfylt, ut frå opplysningane i vitnemålet

Kunnskapsdepartementet viser til yrkeskvalifikasjonslova med tilhøyrande forskrift om godkjenning av yrkeutøvarar med yrkeskvalifikasjonar frå ein EØS-stat. Etter dette regelverket kan Finanstilsynet be om at ein søkjar med yrkeskvalifikasjonar frå ein EØS-stat legg fram kvalifikasjonsbeviset. Dersom Finanstilsynet ønskjer meir informasjon om innhaldet i studiet, kan det be om dette frå yrkeutøvaren, men ikkje krevje det. Finanstilsynet kan via den indre marknaden informasjonssystem (IMI) be om opplysningane frå ei godkjenningsstyremakt i den staten der yrkesutøvaren har fått yrkeskvalifikasjonane. Med det framlegget utvalet har i § 3-1 fjerde ledd legg det opp til ein strengare regel for kandidatar som er utdanna i Noreg enn for dei som er utdanna i ein annan EØS-stat.

Vidare vil vi nemne at det finst andre alternativ. Vi viser her til autorisasjonsordninga for helsepersonell, til dømes legar, sjukepleiarar og helsefagarbeidarar. Helsedirektoratet rår til at alle universitet, høgskular og vidaregåande skular som uteksaminerer kandidatar til yrke som krev autorisasjon, registrerer innmeldingslister via Altinn når studentar og elevar har fullført og greidd utdanninga. Då vil kandidaten få autorisasjonen få minutt etter at listene er leverte. Helsedirektoratet opplyser på nettsidene sine at dersom utdanningsinstitusjonen ikkje leverer liste, må kandidaten sjølv sende ein individuell autorisasjonssøknad, og

saksbehandlingstida er då 4–6 veker. Vidare står det at fylkeskommunar kan sende inn liste over kandidatar som er ferdige i praksis og har fått fagbrev. Dersom utdanningsinstitusjonen leverer slike lister, skal ikkje kandidatane søkje sjølve, dei vil få ei melding frå Altinn om at dei må betale gebyr for å få autorisasjon. I helseyrka får dei som har teke utdanning som fyller krava dermed automatisk autorisasjon, og gebyret dei betaler går til Helsedirektoratet som gir autorisasjon, og ikkje til utdanningsinstitusjonen.

Med helsing

Karl Georg Øhrn (e.f.)
avdelingsdirektør

Sveinung Helgheim
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar